

Årsmelding 2015



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE

BLIX HOTEL, VIK

11.-12. MARS 2016

INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte	side 3
Styret sine framlegg til vedtak	side 4
Nokre ord frå leiaren	side 7
Årsmelding 2015 frå fylkeslaget	side 8
Rekneskap 2015	side 27
Medlemsutvikling	side 29
Statistikk Internett	side 31
Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget	side 32
Årsplan for 2016	side 33
Budsjett 2016	side 38
Vedtekter	side 39

Vedlegg 1: Plakettvinnarar jaktskyting, LM og FM,
 Resultat Sogn og Fjordane Cup og Våpenloftet Cup
 Vedlegg 2: Medlemsutvikling lokallaga



PROGRAM ÅRSMØTE

Fredag 11. mars

kl. 18.00 -	Velkommen v/ fylkesleiar Per Norstein Nye ungdomssatsingar og fiskesatsingar etter sportsfiskets år v/ fritidsfiskekonsulent Steinar Paulsen NJFF - aktuelt og politiske resultat v/ forbundsleiar Runar Rugtvedt
Kl. 20.00	Middag

Beinstrekk med kaffe og te etter behov

Laurdag 12. mars

kl. 09.00 – 12.00	Årsmøtesaker
kl. 11.30 – 12.00	Gjensidige Forsikring
kl. 12.00 – 12.30	Open halvtime / foreningsløftet
kl. 12.30 – 13.00	Prisutdeling
kl. 13.00	Lunsj
kl 14.00	Besøk til klekkeriet i Vik

Beinstrekk med kaffe og te etter behov. Programmet kan bli endra.

Gjester:

Runar Rugtvedt, forbundsleiar i NJFF
 Steinar Paulsen, fritidsfiskekonsulent i NJFF

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
- Namneopprop
- Val av ordstyrar
- Val av sekretær
- Val av teljekorps
- Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
- Godkjenning av fullmakter
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av sakliste
- Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2015
3. Revidert rekneskap for 2015
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret set opp på saklista
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2016
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2017, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2016
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 30.01.2016. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unntake ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtekten, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar 2015

Årsmelding for 2015: s. 8-

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2015

Rekneskap 2015 s. 27.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Andre saker som styret har sett opp

Vedtektsendring. Styret foreslår å ta inn friluftsinteressene inn i formålsparagrafen, ta vekk «Nordfjord, Sunnfjord og Sogn» som årsmøtestad og endringar i styret.

Sjå eige vedlegg.

Sak 6, Årsplan 2016

Styret sitt forslag til årsplan: s. 33

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til årsplan for 2015 vert godkjend.

Sak 7, medlemskontingent 2017

Fylkeslagskontingensten er no kr. 50,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 15,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingensten.

Sak 8, budsjett 2016

Budsjett 2016 s. 38

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2016 vert godkjend.

Sak 9, Val 2016***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

<i>Verv</i>	<i>Val</i>	<i>Valnemnda sitt framlegg:</i>
• <i>Leiar</i>	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl</i>
• Nestleiar /sekretær	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl, ikkje på val	
• <i>Kasserar</i>	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Attval Per Gunnestad, Luster jfl</i>
• <i>Ungdomsansvarleg</i>	<i>Veljast for 1 år</i>	<i>Gry Helene Haukereid, Høyanger jfl</i>
• <i>Kvinnekontakt</i>	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Attval, Bente Skrede, Flora jfl</i>
• <i>Fagleiar fisk</i>	Morten Jacobsen, Vik jfl, ikkje på val	
• <i>Fagleiar vilt</i>	<i>Veljast for 2 år</i>	<i>Attval Geir Haukaas, Førde jfl</i>
• 1. vara	<i>Veljast for 1 år</i>	<i>Ny: Vidar Moen, Årdal jff</i>
• 2. vara/ <i>Fagleiar hund</i>	<i>Veljast for 1 år</i>	<i>Ny: Trude Kvamme, Stryn og H. jspfl</i>

Sak 10, Val av revisorar***Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

• Revisor nr. 1	Ikkje på val, 1 år att	Terje Espe, Eid jfl
• Revisor nr. 2	Ikkje på val, 2 år att	Kåre Stokkevåg, Førde jfl
• <i>Revisor vara</i>	<i>Veljast for 3 år</i>	<i>Attval Øyvind Hopland, Stryn og H. jspfl</i>

Sak 10, Val av valnemnd

• <i>Valnemnd, leiar</i>	<i>Ingeborg Sivertstøl, Leikanger jfl</i>
• <i>Valnemnd, medlem</i>	<i>Ny, 2 år att: Arild Kvernvik, Gloppe jfl</i>
• <i>Valnemnd, medlem</i>	<i>Ny, 3 år att: Rune Olsbø, Flora jff</i>

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Enno eit foreningsår er lagt bak oss, og vi er reide for å ta fatt på eit nytt med mykje frivillig innsats for ein organisasjon vi brenn for.

2015 har vore eit viktig år for NJFF der sentrale saker i Stortinget har gått vår veg. Eg tenkjer her først og fremst på blysaka, men og på gjennomslag for å få stoppa nedsalet av Statskog.

Det siste viser kor viktig det er å ha ein sterk interesseorganisasjon i ryggen. Ålmenta sin tilgang til jakt og fiske har vore ein bærebjelke i NJFF-organisasjonen. Regjeringa sin kurs med å slanka landets største grunneigar slik at Ola og Kari sin moglegheit for jakt og fiske blei trua, mobiliserte grasrota i NJFF-organisasjonen, og saman med sentralleddet fekk vi stansa vidare nedsal.

Ein føresetnad for at vår organisasjon skal ha makt nok til å influera viktige politiske vedtak, er at vi er mange nok og at vi er tufta på fagleg innsikt og integritet, noko tidlegare statsråd Storberget framheva i sin landsmøtetale.

Fundamentet for ein slik organisasjon er du og eg som enkeltmedlemar i ein lokalforeining.

All medlemsvekst vert skapt ute i lokalforeiningane, og dyktige tillitsvalte kjem òg derifrå. Lokalforeiningane er maskineriet, mens Hvalstad med sine folk er verktyet.

Fylkesstyret har difor hatt ein viktig agenda i året som er gått at vi må stimulera vår lokalforeiningar i fylket til god aktivitet gjennom det vi har kalla foreningsløftet.

Dette arbeidet er ikkje slutført, men er ein kontinuerleg prosess for fylkeslaget.

Frivillig organisasjonsarbeid er dei seinare åra vorte under press. Stressa jobbkveldag, oppfølging av barn til aukande mengde fritidsaktivitetar, er for mange blitt så krevjande at det å bruka av fritida til organisasjonsarbeid kan bli nedprioritert. Slik sett må ein berre akseptera at det er periodar i livet der ein må prioritera familien og seg sjølv framfor andre. Samstundes veit vi at det er fleire og fleire svært oppegåande pensjonistar blant oss som kanskje ville setja pris på at din lokalforeining tok kontakt for å «verva» dei til frivillig arbeid. Erfaring og kanskje overskot av tid er ikkje å forakta!

Vi har i 2015 lagt bak oss eit landsmøte der sporavtrykka etter Sogn og Fjordane er tydelege.

Vi hadde førebudd 4 viktige landsmøtesaker der vi fekk full støtte frå landsmøte-delegatane.

Av desse sakene har eg lyst å trekkja fram endringane i NJFF sine vedtekter. Ordet friluftsliv er kome inn på lik linje med fiske og jakt. Og med friluftsåret som bakteppe, vil desse vedtektsendringane vera viktige ikkje minst for rekrutteringa.

Til slutt vil eg takka alle våre tillitsvalte for god frivillig innsats, og ynskjer alle medlemmar eit godt nytt arbeidsår for jakt, fiske- og friluftsliv.

Per Norstein
- fylkesleiar -

ÅRSMELDING FOR 2015

FYLKESLAGET HAR I 2015 VORE SAMANSETT SLIK:

Leiar	Per Norstein	Leikanger jfl
Nestleiar / sekretær	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Kasserar	Per Gunnestad	Luster jfl
Ungdomsansvarleg	Alf Erik Røyrvik	Naustdal jfl
Kvinnekontakt	Bente Skrede	Flora jff
Fagleiar Fisk	Morten Jacobsen	Vik jf
Fagleiar Vilt	Geir Haukaas	Førde jfl
1. vara Fagleiar Hund	Trude Mari Kvamme	Stryn og Hornindal jspfl
2. vara	Vidar Moen	Årdal jff
Revisor 1	Terje Espe	Eid jfl
Revisor 2	Kåre Stokkevåg	Førde jfl
Revisor, vara	Øyvind Hopland	Stryn og Hornindal jspfl
Valnemnd leiar	Bjørn Nilsen	Stryn og Hornindal jspfl
Valnemnd medlem	Helge Robert Midtbø	Førde jfl
Valnemnd medlem	Ingeborg Sivertøl	Leikanger jfl

Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

FI Aversjon	Knut Broberg	Flora jfl
FI Ettersøkshund	Rudi Sønnervik	Førde jfl
FI Hagle	Per Gunnestad	Luster jfl
FI Jakthunddressur	Rudi Sønnervik	Førde jfl
FI Taksering	Knut Broberg	Flora jfl
Organisasjonskontakt	Bjarne Huseklepp	Hyllestad jfl
Fiskevegleiar	Otto Åge Bergstrøm	Flora jff

Ettersøksutval:

Leiar	Rudi Sønnervik	Førde jfl
Medlem	Ann-Kristin Gaare	Flora jfl
Medlem	Bente Skrede	Flora jfl
Medlem	Birger Hogrenning	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Eivind Antonisen	Fjaler jsfl

Fuglehundeutval:

Leiar	Bertil Olsbø	Flora jff
Medlem	Henning Bortne Bøen	Flora jff
Medlem	Robert Veseth	Flora jfl
Medlem	Terje Hilding	Førde jfl
Medlem	Øyvind Sagmo	Svelgen jfl

Jakthundutval

Leiar	Trude Mari Kvamme	Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Bjørn H Marthinussen	Flora jfl
Medlem	Odd Rune Våge	Leikanger jfl
Medlem	Leif Magne Aarnes	Førde jfl

Jaktskyttarutval:

Leiar	Svein Inge Lundheim	Leikanger jfl
Medlem	Atle Lunde	Jølster jfl
Medlem	Per Gunnestad	Luster jfl
Medlem	Per Tore Taklo	Eid jfl

Jenteutval:

Leiar	Bente Skrede	Flora jfl
Medlem	Elin Karin Aa Hope	Hyen jfl
Medlem	Marit Haram Vannes	Balestrand jfl
Medlem	Randi Alsaker	Stryn og Hornindal jspfl

Ungdomsutval

Leiar	Alf Erik Rørvik	Naustdal jfl
Medlem	August Evensen	Luster jfl
Medlem	Hans Eirik Nes	Førde jfl
Medlem	Øystein Osland	Førde jfl

Gevirdommarar	Knut Øyvind Marås	Luster jfl
---------------	-------------------	------------

Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling	Reidun Solberg Seim, Sandane
Prosjektleiar, ca 20% stilling	Rudi Sønnervik, Førde
FNF koordinator 100% stilling	Elisabeth Dahle, Hafslo

FRÅ NJFF SOGN OG FJORDANE HAR DESSE VORE MED I NJFF SINE STYRE OG UTVAL:

Alf Erik Rørvik: Medlem i Barne- og ungdomsutvalget

FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:

- Arbeidsutvalet (AU) i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Bjarne Huseklepp. Leiar vara.
- Merkeprosjekt hjort i Nordfjord, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Fylkessekretær
- Referansegruppe Møteplass i naturen (4H): Bjarne Huseklepp, fylkessekretær vara
- Prosjektgruppe beredskapsplan mot rømming av oppdrettsfisk; Fagleiar Fisk
- Styremedlem i Sogn Villaksråd; Morten Jacobsen
- Referansegruppe for EU's vassdirektiv

MEDIEAKTIVITET:

07.jan.	Firda	Ulvejakta i historisk perspektiv – Per N.
31.jan.	Lokalavisene	Sal av Statskog – Per N
10.mars	Lokalavisene	Ulverforvaltning – Reidun
Mars	NRK Sogn og Fjordane	Ettermiddagsgjest, ettersøk – Rudi
23.april	Fjordenes Tidende	aversjonsdressur – Knut B
2. juni	Lokalavisene	Havbruksmeldinga – Morten

4. juni	NRK Sogn og Fjordane	Havbruksmeldinga – Morten
18.juni	NRK, Vestlandsrevyen, Dagsrevyen, Kveldsnytt	Laksefiske og kald elv – Bjarne
27. juni	NRK, Friluftsmagasinet	Laksefiske, flugebitting, opplæring – Bjarne
28. juni	NRK Sogn og Fjordane	Fang og slepp – Bjarne
4. juli	NRK, Friluftsmagasinet	Røykelaks etc– Bjarne
14. juli	NRK Sogn og Fjordane	Sommargjest, rekruttering sporstfiske – Bjarne
26.aug	NRK Sogn og Fjordane	Småviltjakta – Knut B
26. aug	NRK Sogn og Fjordane	Småviltjakta – Per N
24. nov.	NRK Sogn og Fjordane	Morgongjest – Bjarne
28.12	NRK Sogn og Fjordane	Rev i revesaks – Per N

MØTER OG AKTIVITETAR :**JANUAR**

5.	Langestølen	Oppstart mårfellesesongen	Rune
7.	Førde	Styremøte i Førde jfl	Geir
8.	Førde	Møte naturmøteplass og FÅ15	Reidun
8.	Leikanger	Møte felles beredskap rømt oppdrettsfisk	Morten
9.	Skei	Jerv- og ulvejaktkurs	Reidun
14.	Florø	Styremøte i Flora jff	Alf Erik
15.	Førde	Møte jenteutvalet	Bente, utvalet
17.	Lunde	Fangstkurs for ungdom	Alf Erik
19.	Skei	Styremøte	
20.	Tlf. møte	Samarbeidsprosjekt FÅ15	Reidun
23.	Førde	Møte Førde jfl	Geir
24.	Skei	Portalkurs	Reidun
24.	Førde	Mediakurs	Bjarne
27.	Hyen	Ad hoc møte prosjektstilling	Alf, Geir, Reidun
27.	Tlf.møte	Planlegging villmarksleir	Alf, Reidun

FEBRUAR

4.-5.	Levanger	Regionmøte Rogaland-N.Trøndelag	Per N, Reidun
6.-7.	Lunde	Jentesamling	Bente, Reidun, utvalet
6.-8.	Fosseheimen	Vintersamling for fuglehundar	Bertil
8.	Gaularfjell	Fylkesmeisterskap fuglehundar	Bertil
9.	Skei	Styremøte	
10.	Tlf.møte	Planlegging villmarksleir	Alf, Reidun
11.	Sogndal	Møte med Bookkeeper	Per G, Reidun
13.	Skei	Møte jakthundutvalet	Trude, utvalet
15.	Førde	Møte ungdomsutvalet	Alf, utvalet
17.	Skypemøte	NJFF – fylkeslaget	Reidun
20.-22.	Mjølfjell, Voss	Villmarksleir for ungdom	Alf, Reidun
23.	Skei	Møte jaktskyttarutvalet	Per G, utvalet
27.-1. mars	Gaularfjellet	Jaktprøve for fuglehundar	Bertil, Rune
Februar	Skei	Grunnkurs jakthundinstruktør	Rudi

MARS

2.	Tlf.møte	Evaluering villmarksleir	Alf, Reidun
8.-9.	Oslo	Møte i NJFF BU-utval	Alf

9.	Skei	Styremøte	
12.	Førde	Årsmøte i FNF	Bjarne, Reidun
16.	Nesholmen	Planlegging fylkesleir	Alf, Geir, Reidun
18.	Tlf.møte	Planlegging friluftshelg i Sogn og Fjordane	Reidun
18.	Førde	Styremøte Førde jfl	Geir
20.21.	Førde	Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane	Styret, Rudi, Reidun
23.	Skypemøte	NJFF – fylkeslaget	Reidun

APRIL

7.	Mo	Planleggingsmøte jakthundsamling	Trude, Reidun, utvala
8.	Førde	Planleggingsmøte Førde jfl	Geir
10-12.	Lillestrøm	RSmøte, Generalsamling JFS	Per N
13.	Førde	Planleggingsmøte viltseminar	Geir, Reidun
13.	Vik	Årsmøte i Vik jfl	Morten
14.	Førde	Møte FM fiske etter laks og aure	Morten
15.	Sogndal	Årsmøte i Sogn Villaksråd	Morten
17.-19.	Pasvik	BU-konferanse	Alf
20.	Skei	Styremøte	
22.-23.	Flå	Fylkessekretærsamling	Reidun
23.-25.	Flå	Sportsfiskekonferanse	Bjarne, Reidun
29.	Førde	Samarbeidsavtale grunneigarar Digernesvatn	Geir

MAI

5.	Sogndal	Innlegg på konferanse fysisk aktivitet	Geir
7.	Tlf.møte	Planlegging Friluftshelg i Sogn og Fjordane	Reidun
7.-8.	Gardermoen	BU-møte	Alf
8.-10.	Flå	Samling FI Jakthund	Rudi
18.	Tlf.møte	Planlegging Friluftshelg i Sogn og Fjordane	Reidun
19.	Vik	Styremøte i Vik jfl, foreningsløftet	Morten
19.	Skypemøte	NJFF – fylkeslaget	Reidun

JUNI

1.	Hyen	Planleggingsmøte fylkesleir	Geir, Reidun
3.	Førde	Styremøte Førde jfl	Geir
6.	Grovastøylen	Opning av skyteanlegg i Flora	Per N
6.-7.	Leikanger	Instruktørkurs rifleskyting	Jan Erik Rognaldsen
7.	Tlf.møte	Planlegging friluftshelg i Sogn og Fjordane	Reidun
12.-14.	Nesholmen	Fylkesleir for ungdom	Alf, Geir, Morten, Bente, Reidun
15.	Tlf.møte	Lærdal jfl	Morten
15.	Skypemøte	Møte med friluftsorg. om FÅ15	Reidun
18.	Skei	AU-møte i FNF	Per N
21.	Tlf.møte	Møte i ungdomsutvalet	Alf, utvalet

AUGUST

9.	Luster	Premieutdeling Sogn og Fjordane Cup	Svein Inge
10.-11.	Gardermoen	BU-møte	Alf
17.	Skei	Styremøte	
19.		Oppdatering avsjoninstruktørar	Knut
19.	Førde	Styremøte Førde jfl	Geir

22.	Hyen	Vassdragstreff Gjengedalen	Reidun
22.-23.	Gulen	Bandhundkurs	Bjørn H.
28.	Skypemøte	NJFF – fylkeslaget	Reidun
	Melhus	Foredrag om ettersøk	Rudi
	Rennebu	Foredrag om ettersøk	Rudi

SEPTEMBER

1.	Gardermoen	Fylkessekretærsamling	Reidun
7.	Grovastøylen	Møte i fuglehundutvalet	Bertil, utvalet
9.	Skei	Kasserarmøte	Per G, Reidun
21.	Skei	Styremøte	
22.	Førde	Møte jenteutvalet	Bente, utvalet
22.	Mo	Møte jakthundutvalet	Trude, utvalet
24.	Skypemøte	NJFF – fylkeslaget	Reidun
28.	Skei	Møte ettersøksutvalet	Bente, Rudi, utvalet
28.	Skypemøte	Planleggingsmøte friluftsorg. Fellesaktivitet	Reidun

OKTOBER

7.	Førde	Styremøte Førde jfl	Geir
7.-10.	Vik	Synfaring Stadheimselvi med Asplan Viak	Morten
12.	Sandane	Portalkurs med Gloppen jfl og Hyen jfl	Reidun
12.	Skei	Møte jaktskyttarutvalet	Per G, Svein I., utvalet
19.	Skei	Styremøte	
23.-24.	Flå	RS / fylkesleiarsamling	Per N
30.-1.nov	Flå	Tillitsvaldsamling saman med Hordaland	Per N, Per G, Geir, Morten, Reidun
13.-15.	Haugesund	Landsmøte	Per N, Alf, Bente, Bjarne, Geir, Morten, Rudi, Reidun

NOVEMBER

9.	Oslo	BU-møte	Alf
9.	Skei	Styremøte	
19.	Tlf.møte	Planlegging villmarksleir	Alf, Reidun
25.	Skei	Møte i ungdomsutvalet	Alf, utvalet
27.	Førde	Fellessamling FNF	Geir
27.-29.	Åsane	Vidaregåande kurs hagleskyting	Per G.

DESEMBER

1.	Førde	Møte fuglehundutvalet	Bertil, utvalet
3.	Luster	Portalkurs Luster jfl	Reidun
12.	Skei	Styremøte	

UTVIKLINGSAVTALE MED SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen sine mål i avtala:

- Alle i Sogn og Fjordane skal ha høve til å drive friluftsliv
- Vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og utvikling av næringsverksemd.

NJFF Sogn og Fjordane sine mål i avtala:

- Arbeide for dei norske jakt- og fiskeinteressene slik at utøvinga bidreg til god livskvalitet og helse
- Ta i vare naturen for å sikre levedyktige og haustingsverdige bestandar av vilt og fisk
- Sikre ålmonta gode jakt- og fiskemogleger.

1. Driftsstønad

2. Prosjektstønad til utviklingstiltak:

- a) Rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv. Mål: Årleg oppslutnad av 100 nye personar
- b) Human jakt. Mål: Årleg oppslutnad på 60 jegerar
- c) Modell for småviltforvaltning. Utvikle modellar for småviltforvaltning og skaffe betre kunnskap om småviltbestandane i Sogn og Fjordane

OPPLÆRINGSVERKSEMD

Instruktørkurs Ettersøk

23.-25.oktober. Avlyst pga få deltagarar.

Instruktørkurs flugekasting

24.-26.april. Avlyst pga få deltagarar.

Instruktørkurs Hagle

24.-26. april. Avlyst pga få deltagarar.

Haglekurs for jenter

30. mai, Leikanger. 10 deltagarar. Kursleiar: FI Hagle Per Gunnestad

Instruktørkurs Rifle

6.-7. juni. Leikanger. 11 deltagarar. Kursleiar: FI Rifle Hordaland Jan Erik Rognaldsen

Grunnkurs jakthund

13.-15. februar, Skei. 5 deltagarar. Kursleiar: FI Jakthund Rudi Sønnervik

Kurs taksering skogsfugl

25. april, Årdal. Utsett til 2016.

Fellefangstkurs for ungdom

17. januar, Lunde. 9 deltagarar. Kursleiarar: Alf Erik Røyrvik og Jens Robert Hope

Motivasjonskveld jervejakt og ulvejakt

9. januar, Skei. 4. mai, Hyen. 72 deltagarar. Kursleiarar: Eivind Lurås og Lars Gangås

Opplæringsjakt storfugljakt for jenter

18.-20. oktober, Finnskogen. Avlyst pga stort fråfall.

Opplæringsjakt på hjort for ungdom

16.-18. oktober, Luster. 10 deltagarar, 5 på venteliste. Kursleiar: August Evensen.

Kurs i bruk av bandhund til hjortejakt

22.-23. august, Gulen. 5 deltagara. Kursleiar: Bjørn Henry Marthinussen.

Portalkurs

24. januar, Skei. 16 deltagarar. Kursleiar: Håvard Skjerstad Andersen.

Organisasjonskurs

26. mars. Avlyst pga få deltagarar.

PLANARBEID, FORVALTNING OG HØYRINGAR***Regional plan for folkehelse***

- Uttale til Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Høyring forslag om utvida bandtvang i Gloppe kommune

- uttale til kommunen

Vassdragsaker

- Deltakar møte med fylkesmannen vedr. fiske etter laks og sjøaure, 8. april
- Deltakar vassdragstreff i Gjengedalen 22. august.

Opprett av laks og aure

- Deltakar møte felles beredskap rømt oppdrettsfisk 8. januar
- Deltakar Sogn Villaksråd

Hjortevilt og vilt generelt

- Merkeprosjekt Hjort: med i styringsgruppa for merkeprosjekt hjort i Nordfjord, og har ansvaret for deler av oppdateringa av heimesida til prosjektet.

Rovvilt:

- Predatorkonkurranse. Ansvarleg: Geir Haukaas
- Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Ansvarleg: fylkessekretær

Småvilt

- Taksering av rype og storfugl på Gularfjell. Taksørar frå fuglehundutvalet og andre. Ansvarleg: Knut Broberg
- Fellefangst i treningsterrenget på Gularfjell. Ansvarleg: Rune Olsbø/ Fuglehundutvalet
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no

Ettersøk

- Arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar. Ansvarleg: Rudi, Ettersøksutvalet
- Arbeid med standardavtale ettersøksjeger – kommune. Ansvarleg: Rudi Sønnervik

Ettersøksundersøking

No har ettersøksundersøkinga pågått i eit år, sidan oppstart i oktober 2014. Resultata så langt er gledelige og fleire ekvipasjar blir med i undersøkinga. Pr i dag har vi ca 160 deltagande ekvipasjar fordelt mellom Møre og Romsdal, og Sogn og Fjordan. Det er komt inn ca kring 250 oppdrag på det første året, og Høgskulen i Hedmark driv å analyserar alle skjema, legg desse inn så vi kan begynne allereie no å sjå resultat. Den første delrapporten er komt oss i hende, og sendt ut til eigarane av prosjektet. Prosjektet ha blitt presentert på ettersøksseminaret ved Jakt og Fiskesenteret i år, samt at det vart informert og vist litt av resultata ved «fagdagen» vi held i februar i år.

Det som blir funne ut vitskapeleg og tendensar vi ser av undersøkinga, er av så stor interesse, at på møte med eigarane (Fylkeslaga) i Ørsta, blei det bestemt å fortsette prosjektet ut 2016. og med tanke på utviding til andre fylke utover i 2017

No i desse dagar driv prosjektleiar og høgskulen i Hedmark å legg ein ny strategi for kommande år, i tillegg er vi i god kontakt med Miljødirektoratet som og har vist interesse for prosjektet. Det skal bli kjekt å kunne legge fram ferdig resultat ut mot slutten av 2016.

Rudi Sønnervik, prosjektleiar

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

- NJFF Sogn og Fjordane hadde arbeidsgjevaransvaret for FNF i Sogn og Fjordane i 2015
- Bjarne Huseklepp er med i arbeidsutvalet (AU) for FNF, med leiar som vara.

REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE

Heiderspris

Vert delt ut til ein enkeltperson for eit langt og stort engasjement i eit lokalt jakt- og fiskelag, fylkeslaget eller på landsnivå.

2007: Torger Eimhjellen
 2008: Svein Inge Lundheim
 2009: Bjarne Huseklepp
 2010: Oskar Holme
 2011: Svein Arne Forfod
 2012: Morten Jacobsen
 2013: ikkje utdelt
 2014: ikkje utdelt
 2015: Vidar Moen

Barne- og ungdomsprisen

Vert delt ut til eit lokalt jakt- og fiskelag eller enkeltperson i Sogn og Fjordane som har utført eit godt barne- og ungdomsarbeid i laget i året som gjekk.

2001: Sørgulen jfl
 2002: Stryn og Hornindal jspfl
 2003: Flora jfl
 2004: Leikanger jfl
 2005: Leikanger jfl
 2006: Flora jfl
 2007: Eid jfl
 2008: Stryn og Hornindal jspfl og Askvoll og Holmedal jfl
 2009: Leikanger jfl
 2011: Gloppen jfl, Hyen jfl og Førde jfl
 2012: Leikanger jfl
 2013: Leikanger jfl
 2014: Vik jfl

NJFF sin innsatsmedalje

2015: Svein Inge Lundheim

Fylkesleir for ungdom 11-15 år

12.-14. juni på Nesholmen i Hyen. Arrangørar: Førde jfl, Hyen jfl, Gloppe jfl og fylkeslaget. 76 deltagarar, derav 6 nye landsmenn som det var tilrettelagt spesielt for, 34 vaksne instruktørar og 1 tolk. Aktivitetar: skyting med hagle, rifle, salong, fiske, flugekasting, flugebinding, garnfiske, fiskestell, førstehjelp, skytesimulator, fiskesimulator, flaing av mår, fellefangst, kano, bading, natursti, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo. Ansvarleg: Alf, Geir, Reidun og lokallaga

Villmarksleir for ungdom 15+

20.-22. februar på Mjølfjell i Voss. Arrangør: NJFF Sogn og Fjordane, NJFF Hordaland, 4H Sogn og Fjordane og 4H Hordaland. 23 deltagarar, 8 vaksne leiarar. Aktivitetar: fellefangst, skyting, skitur, isfiske, overnatting ute i lavvo, natursti, snøhole, mat på bål mm. Ansvarleg: Alf og Reidun og medarrangørar.

Fangstkurs for ungdom

17. januar, Jølster. 7 deltagarar, Ansvarleg: Alf Erik og ungdomsutvalet

Ungdomleiarsamling

20. mars, Førde. 6 deltagarar. Ansvarleg: Alf Erik og ungdomsutvalet.

Jentesamling

7.-8. februar, Lunde. 8 deltagarar. Ansvarleg: Bente og jenteutvalet

Fuglehundar

Treningsterren Gaularfjellet: Langestølsterrenget og Thorsnesstølterrenget. Kart for trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Vintersamling med klubbmesterskap 6.-8. februar, Gaular. 15 deltagarar.

Gaularfjellprøven: ståande fuglehund, høgfjell vinter 27. februar - 1. mars. Totalt 104 startar på 2 dagar. Ansvarleg: Bertil og fuglehundutvalet

Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap. Resultat i vedlegg

Våpenloftet cup, jaktfelt. Resultat i vedlegg

Koordinasjon av skytestevner.

Koordinere jaktskytingens dag: 3 arrangørlag, 50 deltagarar.

Vinnrarar av FM og LM i vedlegg til årsmeldinga. LM = Landsdelsmesterskap, FM = Fylkesmesterskap.

Ansvarleg: Jaktskyttarutvalet

Måling av gevir 2015

Hjort: 36 totalt, herav 4 gull, 25 sølv og 7 brons

Villrein: 13 totalt, herav 13 gull

Rådyr: 3 totalt, herav 2 gull og 1 sølv

Elg: 1 totalt, herav 1 sølv.

Ansvarleg: Gevirdommar

Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale og lokale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordelar hjå:

- 15% rabatt på sikkerhetsbekledning hjå NorTeam Engros
- 10% rabattar hjå Din Sport i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon
- 20% rabatt hjå Bjarne Huseklepp Fiskeskule

ORGANISASJON OG INFORMASJON

Styremøter:

Det er halde 10 styremøter og handsama 107 saker.

Årsmøte

20.-21. mars, Førde. Totalt 31 delegatar med røysterett: 23 delegatar frå lokallaga og 8 frå fylkesstyret. I tillegg møtte leiar i jakthundutvalet, fylkessekretær, Bjarte Erstad og Kenneth Bruvik frå NJFF Hordaland og Hans Petter Dalby frå NJFF.

Tillitsvaldsamling

30. okt – 1. nov, Flå. Saman med NJFF Hordaland. 14 deltagarar frå Sogn og Fj. og 27 frå Hordaland.

Sentrale samlingar

10.12. april, Lillestrøm. RS/Fylkesleiarsamling, generalsamling JFS

22.-23. april, Flå. Fylkessekretærsamling

8.-10. mai, Flå. Fylkesinstruktørsamling jakthund

1. september, Gardermoen. Fylkessekretærsamling

23.-24. oktober, Flå. RS/Fylkesleiarsamling

Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga og fylkesinstruktørar.

Styret har sendt ut på epost til medlemer og lokallaga «Jeger og Fisker» 1-2 gongar i månaden.

Nettsida til fylkeslaget www.njff.no/sognogfjordane/fylke blir brukt til å legge ut informasjon på, samt på facebook. Fylkeslaget har 2 Facebook-kontoar, ei gruppe som heiter NJFF Jenter (Sogn og Fjordane) og ei NJFF Sogn og Fjordane.

iNatur

NJFF er medeigar i portalen www.inatur.no der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte.

Årdal jff og Aurland jfl har lagt ut sine jakt- og overnattingstilbod her.

Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen og fellingslaget for store rovdyr i S og Fj.

Vilt – fylkeskommunen, fylkesmannen, skogeigarlaget, bondelaget

Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, Sogn Villaksråd, skogeigarlaget, bondelaget

Ettersøk – Ettersøksringane i S og Fj, fylkeskommunen

Barn og ungdom – 4H

FNF - nettverk, friluftsorganisasjonar

ÅRSMELDING FAGLEIAR VILT

2014 vart eit brukbart år for ryper og orrfugl i fylket vårt .Med bla. Svært gode takseringsresultat frå Gaularfjellet , mykje smågnagarar, og elles gode rapportar frå andre jegerar i fylket, håpa vi at 2015 og ville verte tilnærma like godt. Dessverre førde den lange og kalde våren til både krakk blant smågnagarane og svært høg kylling dødeligheit blant rypene.

I 2015 kom både hare og fjell/li ryper inn på raudlista, denne lista består av 5 kriteriar der NT- nær trua er den lågaste. Ryper og hare har fått status som nær trua (NT). Dette betyr i praksis at det er liten til ingen sjanse for at desse artane dør ut dei neste 100 åra. Det positive med desse artane på raudlista slik eg ser det er at det vil verte eit mykje sterkare fokus på ryper/hare og forvaltninga av desse, eg har og tru på at predatorbekjempelse kjem enda sterkare inn på bana i åra som kjem.

Den 1 april 2014 starta vi opp ein predatorkonkurranse i regi av fylkesstyret til NJFF Sogn og Fjordane den gjekk fram til jaktaarslutt den 31.3 2015. Og det var ein god del av medlemene våre som meldte inn både rev, mår, mink, kråke og ravn. Vinnaren av konkuransen fekk seg eit viltkamera.

1. april 2015 starta vi ein ny konkurrans som går fram til 31.3 2016. Om vi fortsett med fleire konkurransar kjem an på kor mange av medlemene som viser interesse og vert med😊.

I 2015 var det bla. Ei ny jakttidshøyring der NJFF Sogn og Fjordane gjekk positivt inn for lengre jakttid for storskarv, om dette vert teke til følgje vert spennande å sjå.

Tradisjonen tru var eg igjen med på årets fylkesleir for ungdom på Nesholmen som instruktør, og over 70 ungdomar og nokon og 30 vaksne stilte som alltid med godt humør😊 , denne leiren har etter kvart vorte ein av dei største i landet innan jakt og fiske for ungdom og kvart år har vi ventelister. Eg var og ein av 5 landsmøtedelegatar frå Sogn og Fjordane som var med på NJFF sitt landsmøte i Haugesund i slutten av November, kjekt å få vere med og representere fylket vårt.

Med ønskje om eit godt nytt jakt og fiske år

Med venleg helsing

Geir Haukaas

- Fagleiar vilt -

ÅRSMELDING FAGLEIAR FISK / FISKEUTVALET

Deltatt på orienteringsmøte m/Fylkesmannen i Førde ang anadrom fiske for periode 2016 -2020.

Felles beredskap mot rømming. Nyoppstarta prosjektgruppe saman med representantar frå oppdrettsnæringa og Fylkesmannen.

Møte med Asplan Viak ang utbygging av vassdrag.

Deltatt på felles tillitsvaldsamling for Sogn og Fjordane og Hordaland, som i 2015 ble lagt til JFS på Flå.

Delegat på landsmøte i Haugesund i november.

Artskonkurranse

Artskonkurranse for Sogn og Fjordane, fra 10. mai 2014 til 10. mai 2015. Registrering foregår via eigen Facebook gruppe, søk opp *Artskonkurranse i Sogn og Fjordane*. De første vinnerne for 2014/15 ble kåret i mai. Fiskeutstyr verdi kr 10.000 ble delt mellom to unge og ivrige brødre frå Vik. Ny artskonkurranse starta 1. august 2015.



*Vinnerne 2014/15:
Anders og Eirik Engan (Vik JFL)*

Barn og ungdom

Den årlige ungdomsleiren vart gjennomført i midten av juni, deltok som instruktør, noen flotte dager med kjekke ungdommer fra hele fylket.

Deltagelse i Sogn Villaksråd

Har sittet som styremedlem i 2015, og deltatt på 1 årsmøte.

Fiskeveileddere

Fylkeslaget har lagt ned fiskeutvalet og brukar ad hoc utval aktivt på fiskesida når det trengst, ved aktivitetar, prosjekt eller ved saker.

De er utnevnt 3 fiskeveilederar som skal jobbe aktivt ut mot lokallaga vedr praktisk fiske.
Desse er Otto Åge Bergstrøm (Florø), Kenneth Berge (Florø) og Ragnvald Loven (Sogndal).

Med venleg helsing

Morten Jacobsen

- Fagleiar Fisk -

- Leiar Fiskeutvalet -

ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG / UNGDOMSUTVAL

Som ungdomsansvarleg i NJFF-Sogn og Fjordane er eg nøgd med året 2015. Vi har ei auke i aktivitetane og kvaliteten på det vi gjennomfører er god. Ein skulle sjølv sagt alltid ønske seg at vi får til meir, men samstundes må vi kunne vere fornøgd med det vi får til og.

Vi har fleire år no hatt Villmarksleir i vinterferien, for ungdom i alderen 15 år og oppover. Dette har vi hatt i samarbeid med NJFF Hordaland og 4H i Sogn og Fjordane og i Hordaland. I 2015 var denne ved

Mjølfjell på Voss. Vi hadde ei veldig fin helg ved Mjølfjell, sjølv om vi kunne tenkt oss fleire deltagarar frå Sogn og Fjordane.

Havfisketur i april vart nok ein gong avlyst på grunn av veret. Dette har no skjedd fleire gonger, og vi innser at dette er vanskeleg å planlegge og gjennomføre. Vi har konkludert med at havfisketurar er vanskeleg å planlegge og gjennomføre i regi av fylkeslaget, so vi vil heller oppmode lokallaga om å satse litt på dette.

Fylkesleir for ungdom på Nesholmen vart arrangert for 14.gong i juni. Nok ein gang ein suksess med full påmelding, godt ver, gode aktivitetar og fornøgde deltagarar. Eg vil påstå at denne leiren er flaggskipet blant NJFF Sogn og Fjordane sine arrangement, og leiren får og merksemdu på nasjonalt plan i NJFF. Tusen takk til alle som hjelper til år etter år for å arrangere leiren!

I oktober vart det arrangert opplæringsjakt på hjort i Jostedalen. Dette vart eit veldig bra arrangement. Det vart ikkje felt dyr, men det vart observert fleire dyr og vi fekk gode tilbakemeldingar på jakta i ettertid. Tusen takk til August som både tok initiativ, ordna kost og losji på eigen gard, og gjennomførte dette på ein glimrande måte!

Andre arrangement i 2015:

- Fangstkurs på Jølster i januar
- Samling for ungdomsansvarlege på årsmøtet i mars
- Ungdomsansvarleg var på Barne- og ungdomskonferansen i Pasvik i april

Fylkeslaget har eit ungdomsutval som delar på ansvaret med arrangement og aktivitetar. Vi har hatt ei utskifting i utvalet i 2015, og ynskjer August Evensen frå Luster JFL velkommen i utvalet. I tillegg sit Øystein Osland frå Hyllestad JFL og Alf Erik Røyrvik (ungdomsansvarleg i fylkesstyret) i utvalet. Vi ynskjer oss gjerne fleire medlemmer i utvalet!

Til slutt vil eg takke alle dei som har vore med å gjort ein innsats, både i dei barne- og ungdomsarrangementa vi har hatt i regi av NJFF-Sogn og Fjordane og dei som legg ned ein innsats i lokallaga. Eg vonar de vil vere med og brette opp armane og jobbe minst like bra i 2016!

Med venleg helsing

Alf Erik Røyrvik

- Ungdomsansvarleg -

ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT OG JENTEUTVALET

I år skiftet kvinneutvalget navn til jenteutvalget.

Vi har hatt to utvalsmøter i år. Vi hadde også en jentesamling for alle jenter i fylket. Der var det bra oppmøte. Vi har hatt ett haglekurs i samarbeid med Leikanger JFF.

Ett hagleinstruktørkurs og en storfugljakt var planlagt, men ble avlyst på grunn av for liten påmelding. Jeg har også deltatt på Landsmøte i år.

Med venleg helsing

Bente Skrede

- Kvinnekontakt -

ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND

Vart vald inn til dette vervet på årsmøtet 21 mars, da tidlegare fagleiar hund takket for seg. Eit spennande verv der ein skal være kontaktpunkt mellom dei ulike utvala og stryret. Og vere utvalas talsperson i styret.

I NJFF Sogn og Fjordane har vi godt etablerte og flinke utval som har flotte aktivitetar kvart år. Og vi har nye utval som jobbar på for å gi oss jakthundaktivitetar i fylket.

Fagleiar hund vart også vald til leiar i komiten som skulle være ansvarlege for Jakthund samling 2015. Vi hadde flotte produktive møter og fikk til eit flott program, med alt til rettelagt i Viksdalen. Dessverre blei den avlyst grunna for få påmeldte, da vi hadde nok bomma litt med datoene, så det vart for tett opp i fellesferien. Men det tar vi lærdom av, og prøver å få til liknande tilbod neste år.

Fagleiar hund var også til Hedmark, og gikk Dressur Instruktør kurs, så snart har vi ein ny Jakthund Dressur instruktør tilgjengelig i fylket også.

Elles har fagleiar hund vært aktiv som hjelpeinstruktør på både Vidaregåande ettersøk og Instruktør ettersøk kurs på Jakt og Fiskesenteret på Flå, og ein tur til NJFF Buskerud. Alle kursa vart vel gjennomført og med gode tilbakemeldinga frå deltakarar og arrangørar. Fylkesstyret har også jobba med foreningsløftet, og det var kjekt å ta del i dette arbeide.

Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Fagleiar Hund -

ÅRSMELDING FUGLEHUNDEUTVALET

Fuglehundutvalet - Henning Bøen, Robert Veseth, Terje Hilding, Øivind Sagmo og Bertil Olsbø

Dette året har fuglehundutvalet hatt fleire spennande aktivitetar. Dei fleste av desse knyt vi opp mot det flotte treningsterrenget vårt på Gaulearfjellet. Dette er ein unik arena for trening av fuglehund, som mange eldsjeler legg ein betydelig innsats i å forvalte og drifta. Veldig gledeleg å sjå at det nedlagte arbeidet gir gevinst, i form av fornøgde grunneigarar og eit godt treningstilbod til fuglehundinteresserte.

I tillegg til å arbeide for fuglehundmiljøet, har vi dette året satsa på eit tettare samarbeid med dei andre jakthundutvala i fylket. Trass ulik jaktmetode på våre firbeinte venner, har dei også mange likskapar. Med eit tettare samarbeid mellom utvala kan vi utveksle erfaringar, og finne på aktivitetar ilag.

Aktivitetar 2015

Treningssamling med fylkesmeisterskap

Dette året var «basecamp» for treningssamlinga i Isakhuset på Fossheimen Naturpark. Oppmøtet var godt, og trivselfaktoren var høg utover kveldane i det flotte huset på garden til Karina Hetle Solheim. Ein topp stad for to og firbeinte!

Laurdagen nytta vi ute i fjellet. Vi delte inn i grupper med variert erfaring, slik at læreutbytte/treningsutbytte skulle bli godt for nye og gamle hundeførerar. Ein svært god arena til å

plukke opp tips og triks frå røynde folk i fuglehundmiljøet. Etter endt dag i fjellet gjekk ferda tilbake på Isakhuset. Her kunne vi varme oss på deilig betasuppe frå gryta til Terje Hilding.

Søndag starta med opprop for fykesmeisterskapet. Dette er ein uhøgtidelig konkurranse for alle som har lyst til å delta. Spesielt tenkt til nye fuglehundhundefolk som ønsker å få eit lite innblikk i korleis ei jaktprøve foregår. Til å dømme var vi so heldige å få dommaraspirant Robert Brenden til å reise den lange vegen til Gularfjell. Dette var flott gjort av den røynde hundeføraren! Etter mange timer i fjellet kunne Brenden kåre to verdige vinnarar for konkurransen: AK Terje Hilding med IS Settermosens Apollo, UK Tore Bjørndal med SV Pladsfjellets Garm. Gratulerer so mykje til vinnarane!

Vi retta spesielt ein takk til Sportsmans Pride, Porthos som sponsa førpremiar til vinnarane, og Robert Brenden som stilte villig opp som dommar.

Gularfjellprøven 2015

Siste helga i februar arrangerte fuglehundutvalet den årlege jaktprøven for ståande fuglehundar. Dette er den einaste fuglehundprøven i Sogn og Fjordane. Nytt av året var at prøven var utvida med ein dag. Denne ekstra dagen vart nytta til ein konkurranse for vinnarklassehundar (VK). Med deilig lunsj frå Eldalstunet servert i Holmevasshytta, som ligg midt inne i terrenget, vart dette ein dag vi seint kjem til å gløyme. Spesielt god vart dagen for Øivind Sagmo og sin Pointer Fjellrypas Peppsi, som stakk av med den gjeve sigeren av konkurransen.

Laurdag og Søndag var duka for kvalitetsparti. Tre parti for dagen, i eit terrenget med mykje fugl resulterte i mange premierte ekvipasjar.

Den lokale serveringsstaden Eldalstunet diska opp med ein glimrande komle-middag til svoltne fjellfolk Laurdag kveld. Her var det loddtrekning med mange flotte premiar, som lokale bedrifter har sponsa oss med. Fuglehundutvalet er veldig takksame for den gode servicen, og den gode maten som Eldalstunet vartar opp med.

Takk til prøveleiar Robert Veseth, overnattingsfasilitetane i Viksdalen, velvillige dommarar og sponsorar. Hovedsponsor på førpremiar var som tidlegare Porthos Trading, SPORTMANN'S PRIDE.

Jakthundsamling

Dette året satsa vi på ei felles samling for alle jakthundrasane i fylket. Grunna lite påmelding måtte vi dessverre avlyse arrangementet.

Forvaltingsprosjekt med taksering og fellerøkting

Som år før deltek vi i fuglehundmiljøet i forvaltingsprosjektet på Gularfjellet. Heile fangstsesongen er mange mårfeller i drift. Rune Olsbø har påteke seg ansvaret for drifta av desse.

I august var det tid for taksering av terrenget. Knut Broberg legg ned ein betydeleg jobb med dette.

Desse to aktivitetane er avgjerande for å halde treningsterrenget vår på eit so høgt nivå som det er i dag. Fuglehundfolket har verkeleg god dugnadsånd! Vi rettar spesielt ein stor takk til Rune og Knut!

Med venleg helsing
Bertil Olsbø
- Leiar Fuglehundutvalet -

ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet har i 2015 bestått av fire representantar: Atle Lunde (Jølster jff), Per Tore Taklo (Eid jfl), Per Gunnestad (Luster jfl), og leiar Svein Inge Lundheim (Leikanger jfl). Arild Johansen (Askvoll jfl) trekte seg frå utvalet i juni.

Det har vore to møter i utvalet i 2015. Eit vårmøte der me gjekk gjennom reglane i begge cupane, gjennomføringa av «*Jaktskytingens dag*» og gjennomgang av endringar i regelverket for jaktskyting 2015 – 2019. Og eit haustmøte der alle lag var inviterte til å vera med på oppsettinga av terminlista for jaktskyting i 2016 og evaluering av «*jaktskytingens dag*».

Skyteaktiviteten har vore som tidlegare år. «*Sogn og Fjordane cup*» i jegertrap er stabil og har med alle 5 laga frå heile fylke. Eid jfl (2), Askvoll jfl (3), Luster jfl (2), Leikanger jfl (2) og Årdal jfl (1) arrangerte til saman 10 stk 50skot stemner. Det er sett opp 2 stk vandrepokalar i «*Sogn og Fjordane cup*». «*Serievinnar*» (5 beste stemner i innleiane skyting) vart vunnen av Arild Grytten (Askvoll jfl). med 242tr.

«*Cupvinnar*» (beste skyttar i finalen) vart vunnen av Arild Grytten (Askvoll jfl) med 25 treff i finalen som gjekk i Luster etter siste stemne. Beste junior i finalen vart Bente Kjosaas Leknes (Askvoll jfl) med 23 treff (meir resultat og premiefordeling i vedlegg).

I leirduesti var det berre Askvoll jfl som arrangerte eit stemne.

I rifleskyting er det berre skyteaktivitet i Fjordane. I jaktfelt er det størst aktivitet med 4 arrangørlag. Eid jfl arrangerer 2 stemner og Hyen jfl, Jølster jfl og Førde jfl eit kvar. Alle stemnene var med i «*Våpenloftet cup*» og beste skyttar i cupen vart Magnar Nytingnes (Eid jfl) med 440p. etter dei 3 beste stemnene. (meir resultat og premiefordeling i vedlegg)

I elgskyting var det Eid jfl som har arrangert 2 stemner, FM og LM. I nordisk jaktskyting arrangerte Eid jfl 1 stemne FM/LM . Som ein ser er det liten skyteaktivitet i elgskyting og nordisk-jaktskyting for tida. Alle lag som kan arrangera elgskyting og nordisk-jaktskyting bør arrangera stemner for å få opp att aktiviteten.

Også i 2015 fekk jaktskyttarutvalet tildelt midlar frå Fylkeskommunen som skulle brukast til rekruttering i jaktskyting. Utvalet beslutta å vidareføra «*Jaktskytingens dag*». Alle lokallag vart inviterte til å vera med å arrangerha «*Jaktskytingens dag*» lokalt med gratis hagle- og rifleskyting kombinert med gratis severing av vafler, kaffi og grilling av pølser. Det var berre Luster jfl, Årdal jfl og Leikanger jfl som var med å arrangerha med tilsaman 50 deltagarar.

Innrapportering av stemneresultata har i 2015 har vore därlegare enn tidlegare, fleire viktige stemneresultat som FM og LM elgskyting og FM/LM nordisk jaktskyting vart ikkje registrert tidsnok til å komma med i grunnlaget til klasseføringa i 2016.

Det er viktig at alle resultata er med, slik att "klasseføringskortet" vert rett.

Oversikt over "plakettvinnarar" i FM – LM som er arrangerte av lag frå Sogn og Fjordane i 2015 i vedlegg.

Til slutt vil eg takke alle arrangørane og dei aktive for ein god innsats i året som har gått!

Med venleg helsing
Svein Inge Lundheim
- Leiar Jaktskyttarutvalet -

ÅRSMELDING JAKTHUNDUTVALET

Året 2015 starta med «blanke ark» for utvalet sin del. Det blei gjort forandringar innad i utvalet. Nokon trakk seg, andre kom til og ny leiar var blitt vald. Vi ønskte også nytt namn, og dermed blei Hundeutvalet hårvilt til Jakthundutvalet, med Bjørn H. Marthinussen, Odd Rune Våge, Leif Magne Aarnes, samt ny leiar Trude M. Kvamme. Eit utval som ønsker å bidra til å skape meir jakthundmiljø i NJFF Sogn og fjordane.

Vi starta årets aktiviteter med to dagars motivasjonskurs for jerv- og ulvejakt på Skei i januar. Godt oppmøte og engasjerte deltakarar. Dessverre vart utedagen til dette avlyst grunna uvær som var i fylket da.

Leiar i utvalet holdt foredrag «Jakt med hund» på NJFF Sogn og Fjordane sin årlege jentesamling på Lunde i februar. Og stilte som hjelper med demohunder under Grunnkurs Jakthund på Skei. Der også andre i utvalet var deltakar på kurset, og har begynt på vegen til å bli NJFF Instruktør.

Jaktsamlinga laushund på hare og rev i Angedalen, blei først flytta på grunn av store snømengder, men enda til slutt opp med å bli avlyst grunna vær, vind, og jakttida gikk ut for denne gang.

I juni var Leif Magne på Nesholmen, på NJFF sin Fylkesleir for ungdom, der han hadde med seg hundane sine og holdt apport demo i vann og på land. Noko ungdommane synest var interessant. Seinare i juni skulle vi holde Jakthund samling i Viksdalen med eit flott program med mykje aktiviteter for dei fleste. Dessverre blei det ikkje nok påmeldte, så den vart i år avlyst.

Bandhundkurset Bjørn Henry holdt i august i Gulen, ga oss fornøgde kursdeltakere. Som under helga fikk lært teori og prøvd dette ut i praksis med eigne hundar. Noko som ga framgang og gode tilbakemeldingar hos fornøgde deltakarar, som kunne ta fatt på haustens jakteventyr.

Året 2015 vart avslutta med eit oppsummerings møte, der vi evaluerte året som har gått. Og tankar og idear for neste år, blei starta å jobbe med. Vi takkar for 2015, og beveger oss inn i 2016 med meir erfaring, og motivasjon til å skape meir jakthund miljø i NJFF Sogn og Fjordane. Og håper på meir aktiviteter og samarbeid med lokallaga våre.

Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Leiar Jakthundutvalet -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

Jeg har avholdt damekurs i hagleskyting på Leikanger, med 5 damer. Har vært på kurs i Åsane med Tore Brovold. Har også vært og sett på nye anlegget i Florø, kjempefrott, var med på premieutdeling Sogn og Fjordane Cup.

Med venleg helsing
Per Gunnestad
- Fl Hagle -

ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVALET

Ettersøksutvalet har i 2015 hatt fem medlemmar, og utvalet har hatt eit arbeidsmøte dette året

Det vart ikkje halde vidaregåande kurs ettersøk i vårt fylke i 2015, og den tradisjonelle fagdagen vart halde i 2014

Ettersøksutvalet har delteke på eit fellesmøte med dei andre jakthundutvala i fylkeslaget, der ein har diskutert og prøvd å finne felles aktivitetar innan jakthund i fylke.

Dette er eit spanande arbeid og det vart lagt fram mange gode tankar og forslag til aktivitetar i kommande år

Leiar av utvalet har i 2015 deltatt ved to høve i NRK Sogn og Fjordane si ettermiddagsending, der tema trafikkskadd hjort og ettersøk av desse.

Det vart skrevet og publisert ei pressemelding frå utvalet på høsten 2015, som kom på trykk i alle lokalaviser i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Med venleg helsing
 Rudi Sønnervik
 - Leiar Ettersøksutvalet -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØK

Det vart ikkje utdanna nye instruktørar innan ettersøk i fylke dette året, og det var ikkje behov for oppdatering, sidan det vart gjort i 2014

Året starta med grunnkurs jakthundinstruktør kurs på Skei. Her var det fem deltagarar men kun ein frå vårt eige fylke

i 2015 har det blitt ein del kurs utom vårt fylke, med instruktørkurs ettersøk i Buskerud, for Njff-Buskerud. Det er blitt halde to vidaregåande kurs ettersøk og eit grunnkurs ettersøk ved jakt og Fiskesenteret på Flå

Det var fylkesinstruktør samling i mai ved jakt og Fiskesenteret. Der vart alt nytt kring ettersøk, utdanning og godkjenning av hund diskutert og gjennomgått

FI ettersøk var i tillegg til kurs, invitert til to kommunar i Sør Trøndelag for å halde foredrag om ettersøk, med over 150 deltagarar på desse to seminara

FI ettersøk har i 2015 jobba med prosjektet «ettersøksundersøkinga»
 Her har det blitt tre video/skypemøte med høgskulen i Hedmark. Og mange telefonar og mykje epost med delatakarane i undersøkinga frå både Møre og Romsdal, og Sogn og Fjordane

Som prosjektleiar for ettersøksundersøkinga var eg observatør på landsmøte i NJFF, i Haugesund

Med venleg helsing
 Rudi Sønnervik
 - FI Ettersøk -

ÅRSMELDING GEVIRDOMMAR

I 2015 vart det oppmålt 53 gevir som ga medalje. Hjorten er sjølvsagt den mest dominerande. Oppmåling i heile Fylket, gjennom heile året.

Resultat:

- 36 hjortegevir, der 4 fekk gull, 25 sølv og 7 fekk bronse.
- 13 villreingevir, der alle oppnådde gull
- 3 rådyr, der 2 fekk gull og ein fekk sølv.
- 1 elg, som fekk sølv.

Vidareutdanning:

Det skulle utdannas 15 internasjonale CIC-gevir-dommarar i Skandinavia. Norge fekk 6 plassar, og eg fekk ein av dei. Kurset var i Danmark, 20.–22. februar. Eitt 3 dagars kurs, med avsluttande eksamen. Her var det lærarar frå mange land i Europa. Dette er den høgaste utdanninga du kan få som gevirdommar, og nå kan eg bedømma gevir frå heile verda.

Fleire aktivitetar?

Eg sendte ut forespørsel om gevirbedømming til fleire Jakt og Fiskelag. Dårlig respons, men eg håpar det vil gå seg til. Leikanger Jakt og Fiskelag var positive, og den 3. oktober lagde dei til eitt arrangement i samband med "Fruktbare dagar". Håpar det kan bli eitt årleg arrangement.

Med venleg helsing

Knut Øyvind Marås

- Gevirdommar -

REKNESKAP 2015

	<i>Res-2014</i>	<i>Bud-2015</i>	<i>Res-2015</i>
SALGS- OG DRIFTSINNTEKT			
3100 Andel kontingent	-205 518,80	-205 000,00	-227 848,60
3110 Deltakaravgift	-177 950,00	-193 000,00	-139 470,00
3120 Salsinntekter effektar	-374,00		-165
3130 Kontingent	-57 385,00	-57 000,00	-57 436,00
3400 Tilskot NJFF	-10 000,00	-5 000,00	-5 000,00
3401 Tilskot FM og FK	-30 000,00	-50 000,00	-50 000,00
3402 Utviklingsavtale Driftstønad	-150 000,00	-150 000,00	-150 000,00
3403 Utviklingsavtale Rekruttering	-81 000,00	-95 000,00	-175 000,00
3404 Utviklingsavtale Human jakt	-123 000,00		-100 000,00
3405 Utviklingsavtale Småviltforval	-53 000,00	-50 000,00	-49 433,00
3410 Andre tilskot	-14 467,30	-107 000,00	-161 835,00
3411 Grasrotandel	-357,48	-400,00	-309,20
3420 Momsrefusjon	-41 625,00	-40 000,00	-44 405,00
3620 Leige: treningsterreng	-3 600,00	-24 000,00	-16 000,00
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-948 277,58	-976 400,00	-1 176 901,80
VAREKOSTNAD			
4300 Innkjøp effektar	43 319,30	10 000,00	5 457,00
4390 Endring varelager			723
SUM VAREKOSTNAD	43 319,30	10 000,00	6 180,00
LØNNSKOSTNAD			
5000 Honorar	101 473,06	51 340,00	55 123,93
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	17 314,50	25 000,00	11 637,00
SUM LØNNSKOSTNAD	118 787,56	76 340,00	66 760,93
ANNEN DRIFTSKOSTNAD			
6300 Leige lokale	52 955,00	84 300,00	52 184,00
6301 Leige av Gaularfjellet		48 000,00	72 000,00
6310 Feilføring	5,00		2000
6500 Kjøp av utstyr, inventar	52 094,65	45 500,00	11 276,00
6510 Kjøp av premiar	27 061,25	47 500,00	61 198,50
6551 Datautstyr (hardware)	5 000,00		16 539,15
6552 Programvare (software)	1 035,00		1 879,00
6620 Reparasjon og vedlikehald utst		1 500,00	135,00
6700 Kjøp av aktivitetar	17 200,00	150 000,00	20 942,50
6800 Kontorrekvisita	23 174,04	21 000,00	18 800,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	2 774,17	150,00	110,00
6850 Kursutgifter	13 093,10	19 500,00	3 580,00
6860 mat, opphold	279 925,64	197 000,00	206 071,90
6870 Utadretta verksemد	2 878,00	5 000,00	0,00
6900 Telefon og Internett	18 711,48	38 000,00	42 797,23
6940 Porto	3 551,50	4 000,00	662,10
7100 Bilgodtgjersle	131 392,49	159 000,00	100 991,05
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	23 848,40	34 500,00	49 043,90
7500 Forsikring	1 028,00	1 000,00	1 059,00
7770 Bank- og kortgebyr	729,00	1 000,00	1 655,00
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	656 456,72	856 950,00	662 924,33

SUM KOSTNADER	818 563,58	943 290,00	735 865,26
<u>FINANSIELLE POSTER</u>			
8051 Rentteinntekter	-12 427,00	-13 000,00	-8 284,00
SUM FINANSIELLE POSTER	-12 427,00	-13 000,00	-8 284,00
RESULTAT (Overskudd)	-142 141,00	-46 110,00	-449 320,54

NOTER 2015

NJFF Sogn og Fjordane

31.12.2015

Note 1 - Leige av Gaulafjellet

I 2015 vart det betalt to gonger for 2015 og ein for 2014, ein skulle kun ha betalt for 2015 ein gong.

Note 2 - Årsresultat

Forklaring årsoverskot

60.000 frå Fylkeskommunen, friluftsliv, til sportsfiskets år skulle vore komt på 2014 istadenfor 2015

50.000 frå fylkeskommunen kom på konto i desember 2015, og var tilskot til arrangement i 2016

107.000 er frå NJFF Møre og Romsdal til ettersøksundersøkinga 2013 - 2015

100.000 frå Fylkeskommunen, grunnstøtte, er avsett til prosjektilsatt som er planlagt å få realisert i 2016.

30.000 frå NJFF til nye landsmenn på fylkesleir for ungdom, vart dekka av midlar til rekruttering frå fylkeskommunen


Nokre arrangement som var planlagt og jobba med, måtte avlystast og / eller utsetjast pga få deltagarar. Deriblant opplæringsjakt for jenter, storfugljakt for jenter, opplæringsjakt typer. Nokre av våre prosjekt hadde færre kostnader i fjor enn berekna.

BALANSE 2015


	2014	2015
<u>EIENDELER</u>		
1400 Varelager effektar	723,00	0,00
1500 Kundefordringar		23 580,00
1920 Bankinnskot 3710.11.42737	75 883,51	123 046,05
1930 Kapitalkonto 3710.11.98201	681 007,35	1 064 240,35
SUM EIENDELER	757 613,86	1 210 866,40
<u>EGENKAPITAL OG GJELD</u>		
2050 Annan eigenkapital	-757 613,86	-1 210 866,40
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-757 613,86	-1 210 866,40

MEDLEMSUTVIKLING


Medlemsutvikling NJFF -Sogn og Fjordane 1980 - 2015




NJFF Sogn og Fjordane 2015




Barn/unge og kvinner i NJFF Sogn og Fjordane




NJFF Sogn og Fjordane 2013



NJFF Sogn og Fjordane 2009



NJFF Sogn og Fjordane 2003



Statistikk Internett

	Hits 2008	Hits 2009	Hits 2010	Hits 2011	Hits 2012	Nr. i 2012 i forhold til visits	Hits 2013	Nr. i 2013 i forhold til visits
NJFF Hedmark	100.968	113.923	126.699	138.676	140.569	1 (47.989 visits)	125.719	1 (45.714 visits)
Trondheim jff		93.965	108.519	122.711	109.397	2 (32.228 visits)	95.191	2 (28.464 visits)
Bodø jff		91.539	88.824	87.865	92.423	3 (29.237 visits)	86.454	3 (29.006 visits)
NJFF Østfold		74.534	73.381	90.755	91.442	4 (27.986 visits)	92.039	4 (29.420 visits)
NJFF Akershus	87.624	76.854	67.699	70.093	72.398	5 (27.355 visits)	66.241	5 (26.451 visits)
NJFF Sogn og Fjordane	40.104	51.649	53.351	54.538	57.410	7 (22.466 visits)	51.061	8 (21.286 visits)
Askvoll og Holmedal jfl	448	5 588	6 418	9.845	9.210	Nr. 78	7.525	Nr. 86
Aurland jfl	129	2 680	3 801	4.820	5.357	Nr. 112	4.946	Nr. 108
Førde jfl		3 874	4 478	3.382	4.557	Nr. 160	3.683	Nr. 144
Flora jfl	117	665	429	4.366	3.380	Nr. 169	4.683	Nr. 171
Luster jfl	383	3 569	3 117	2.883	3.143	Nr. 166	2.793	Nr. 172
Leikanger jfl		2 217	4 040	3.299	3.352	Nr. 163	3.353	Nr. 173
Laerdal jfl		2 336	2 572	2.214	3.313	Nr. 181	3.270	Nr. 180
Eid jfl	176	2 145	3 096	2.444	2.347	Nr. 172	2.797	Nr. 194
Stryn og Hornindal jspfl	573	3 895	3 001	2.224	1.882	Nr. 173	1.735	Nr. 199
Balestrand jfl					1.097	Nr. 332	950	Nr. 291
Hyen jfl	119	143	629	723	457	Nr. 275	283	Nr. 299
Gauldalen jfl	149	209	248	612	621	Nr. 280	394	Nr. 304
Jølster jspfl		294	127	302	338	Nr. 302	169	Nr. 313
Fjaler jsfl				347	301	Nr. 311	572	Nr. 315
Gloppen jfl					584	Nr. 335	1.066	Nr. 317

Tal frå 2014 og 2015 er ikkje råd å få tak i.

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.15

1 Flatskjerm til PC	Samsung	2008
1 berbar PC	Lenovo	2014 (kasserar)
1 berbar PC	Lenovo	2015 (f.sekr)
1 dockingstasjon	ThinkPad	2015
1 Mobiltelefon	Samsung	2015
1 skrivar/kopimaskin	Kyocera	2015

Eigendelar knytta til Fuglehundutvalet

Startrevolvar Kimar cal. 380/9mm, 2009	9 stk.
Skanner for chipmerking av hund	1 stk.
Slagfeller mår, Cania,	6 stk (2013), 6 stk (2014)
Rottefeller, 8 av dei modifisert til røyskattfeller	40 stk
Oppslagstavle + bosdunk. (plassert på GF)	(2)

Taksering.

Refleksvest mrk. Taksering	19 stk.
Hundedekken mrk Taksering	15 stk.
Astro GPS halsbånd m gps håndsett	2 stk.
Støkkmaskin	1 stk.
Dressurhalsbånd (fjernkontroll på støkkmaskin)	1 stk.
Div kurs utstyr (målband)	
Duekasser	2 stk.
HundeGPS Garmin Astro	2 stk 2012
1 stk Garmin Astro 320 + T5 hundepeler komplett, 3 stk T5 sender, 3 skogsantenne, 3 kart, 3 antenn 2014	

Anna utstyr

Skaphengar, (2000)	ca. 30 flytevestar (nokre nye 2104)
Målegevær	Mink - og mårfeller
2 luftgevær	10 stk. kompass
2 stk. kulefanger, sjølvvanvisar	Balansetau frå slakkline.no (2008)
Gigant-lavvo (70 m2)	Buldrematte (2008)
8-manns lavvo	2 stk. presenning
1 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m2)	Øks, sag etc.
2 stk lavvogamme 8 pers, 2014	Bålpanne med utstyr (2014)
10 makketroder utan snelle, 2000, 10 isfiskesett + isbor m.m. (2005)	
7 sjøfiske/ferskvassstenger (2001)	
6 ferskvassstenger (2001-2002)	
3 sett junior haspelstenger Shimano (2008)	
6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000)	
5 sett flugestong, Vision 5' (2011)	
3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008).	
1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008)	
1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008)	
10 sett flugebindarutstyr, (2007)	
10 sett flugebindarutstyr, (2009)	
4 sett havfiske handsnøre (2012)	
4 stk oter, Hov, klepp Kafffekjele	

Årsplan for 2016

1. Utøving av jakt, fiske og anna friluftsliv

1.1 Det tradisjonsrike haustringbaserte friluftslivet skal vere tilpassa samfunnsutviklinga og ha brei ålmenn godkjenning.

Mål: Kunnskap om og aksept for haustringbasert friluftsliv skal stå sterkt i samfunnet.

Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
Året rundt	Målretta marknadsføring av NJFF Sogn og Fjordane sitt ståstad i saker og aktivitetar	Strategiplan for marknadsføring : Tid – kva media -kva sak – ansvarleg -		Alle
Mål: Jegerar, fiskarar og andre friluftsutøvarar skal rekrutterast frå alle befolkningsgrupper				
Året rundt	Fokusere på og invitere grupper som nye landsmenn, inaktive aldersgrupper mm	Søkje om midlar og invitere spesielt nye landsmenn på ungdomsleirar etc.		
	Oppfordre lokallaga til å ha aktivitetar for nye landsmenn			Reidun
	<i>Fiske:</i>			
4.-5.06	Fiskedag i ferskvatn for mor og barn			Bente
17.-19.06	Fiskecamp for ungdom	Fiske i elv, fjord, vatn. Samarbeid med Vik jfl	Vik	Alf
	<i>Jakt:</i>			
5.-7.02	Vintersamling fuglehund	Med klubbmeisterskap	Gaularfjell	Bertil
19.-21.02	Kurs: åtejakt på rev for ungdom	Samarbeid med Luster jfl	Luster	August
27.-28.02	Revejakt med hund		Kalvåg	Odd Rune
22.-24.04	Bandhundkurs på hjortevilt		Gulen	Bjørn Henry
27.-28.08	Andejakt med hund		Mo, Førde	Leif Magne
Sept/okt	Hjortejakt for jenter		Hyen	Elin Karin
16.-18.09	Harejakt for jenter			Bente
21.23.10	Hjortejakt for ungdom, 14+	Samarbeid med Luster jfl?	Luster?	August?
Okt/nov	Opplæringsjakt småvilt, 14+	Samarbeid med Luster jfl ?	Luster?	Øystein og August
	<i>Anna friluftsliv:</i>			
19.-21.02	Villmarksleir for ungdom 15+	Samarbeid med Hordaland. Nordfjord Fritidssenter	Stryn	Alf
20.-29.05	Friluftsmoro i Sogn og Fjordane. Samarbeid alle friluftssorg. i fylket	Arrangement i heile fylket, samarbeid med lokallaga	Heile fylket	Reidun
10.-12.06	Fylkesleir for ungdom 11- 15 år, Nesholmen	Samarbeid med Førde, Gloppen og Hyen jfl	Hyen	Alf og Geir

Mål: Lovgjeving og regulering av jakt, fiske, hundehald og anna friluftsliv skal vere i samsvar med NJFF sine interesser				
Året rundt	Vere høyringsinstans	Gje høyringsuttalar i saker som er av vår interesse, spesielt fokus på oppdrett, vilt og fisk		Alle
Mål: Jakt, fiske og anna friluftsliv skal utøvast på ein trygg og berekraftig måte				
Året rundt	Prosjekt ettersøksundersøking	Få endå fleire ettersøksjegerar med. Sluttføre ettersøksundersøkinga		Rudi
30.-31.01	Viltseminar	Samarbeid med bondelaget og skogeigarlaget	Skei	Geir
06.02.16	Fagdag ettersøk, Skei			Ettersøksutvalet
April/mai	Fagkveld smårrovilt, Skei			Geir
12.-14.08	Vidaregåande kurs ettersøk	På Kleppa	Leikanger	Ettersøksutvalet
	Spor og sporteikn store rovdyr			Geir
1.2 Ålmenta skal ha god tilgang på jakt og fiske				
Mål: Allemannsretten skal stå sterkt og sikre tilgong til naturen				
Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
	Synleggjere moglegheitane med Inatur for lokallaga og medlemer	Jeger- og Fiskerinfo: Skrive opp kva tilbod lokallaga våre har i dag		Reidun
	Oversikt over tilbod lokallaga har	Nettside og Jeger- og Fiskerinfo		Reidun
1.3 Naturgrunnlaget skal vere godt ivaretatt gjennom berekraftig bruk og god forvaltning av haustbart overskot av vilt og fisk				
Mål: Berekraftig bruk skal vere grunnleggande for forvaltning av naturen				
Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
	Sikre berekraftig forvaltning av villaksen	Deltakar i Sogn Villaksråd	Sogn	Morten
		Delta i satsingar frå sentralt, som bekjemping av gyro, midlar til kalking etc		
		Anmelde større rømningar frå oppdrettsanlegg		Morten
		Deltakar i arbeidet med felles beredskapsplan rømming		Morten
	Konkrete tiltak for å sikre berekraftig forvaltning av lokale sjøaurestammar	Sikre gyteområder, bistå lokalt		Morten
	Formidle kunnskap om berekraftig forvaltning av hønsefugl	Pressemelding?		Knut, fuglehundutvalet?
	Ha lokalt engasjement i arealforvaltning og inngrepssaker	Engasjement i FNF Sogn og Fjordane		

	Ha engasjement vedr forvaltning av store rovdyr	Deltakar kontaktutvalet for rovvilt Jobbe med standardavtale jeger-grunneigar		Reidun
	Forvaltningsprosjekt Gularfjell	Taksering, fellefangst	Gularfjell	Knut, Rune
	Predatorkonkurranse – stimulere lokallaga til lokale konkurransar			Geir

2. Organisasjonen

2.1 NJFF skal vere ein sterk organisasjon som tar vare på medlemene sine interesser

Mål: NJFF sitt politiske arbeide og aktivitetar skal vere godt synleg i samfunnet og hjå medlemer

Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
Året rundt	Betre kommunikasjon og marknadsføring	Pressemeldingar og innlegg i avisene frå aktivitetar og meiningsytringar Bruke nettsida vår aktivt med deling på facebook Bruk av instagram?		Alle
	Opplæring og stimulere lokallaga til å bruke media og nettside	Portalkurs		

Mål: God rekruttering av nye medlemer, særleg barn, unge, kvinner

Året rundt	Informere om og følgje opp sentrale satsingar	Prosjekt for rekruttering av jegerar, barn og unge, jenter		Reidun
------------	---	--	--	--------

Mål: Lokallaga og fylkeslaget skal vere godt drivne

11.-12.03	Årsmøte i fylkeslaget		Vik	Per
08.-10.04	Tillitsvaldsamling saman med Hordaland		Flå	Per
Året rundt	Styremøter ein gong i månaden	Møteplan sett opp etter årsmøtet fram til neste årsmøte		Per
Året rundt	Utvalsmøter ca 2-4 gongar årleg			Utvalsleiarar

FOREININGSLØFTET:

11.01	Foreiningsløftet-møte	Korleis kan fylkeslaget bidra til å gjere lokallaga betre drivne?	Skei	Bjarne og Per
	Stimulere LL til tidleg planlegging, jamne møter og aktiviteter	E-post, telefon, ved besøk		Alle
	Besøk til lokallaga	Aktiviteter, årsmøte, styremøter		Alle
Februar	Oppfølging foreiningsløftet-møte	E-post om kva ein bør fokusere på no		Reidun
	1. Datofesta plan for styremøta i lokallaget 2. Enkel og oversiktleg aktivitetsplan i lokallaget			

	<p>3. For betre info til medlemer lokalt – Til dømes opprette Facebook-gruppe i lokallaget eller anna godt alternativ</p> <p>4. Lokallaget samarbeider med andre lokale friluftslivsorganisasjonar for å lage ein god aktivitetsplan for samarbeid om friluftsliv for barn og unge (Jakt- og Fiskeskule-modellen) – Syr i hop allereie eksisterande planar/aktivitetar, blir ein lang og god plan totalt. Marknadsføre på kommunen si heimeside?</p> <p>5. Innkalling og referat frå møte i Fylkesstyret vert sendt til alle tillitsvalde og instruktørar lokalt som har registrert epost</p> <p>6. Alle lokallag har ein kontaktperson i fylkesstyret</p> <p>7. Arrangere nytt møte med lokallaga med tema: eit godt styremøte, jakt- og fiskeskule, årsplan for lokallaget 2017.</p>			
--	--	--	--	--

2.2 Jegerar og fiskarar skal ha god kunnskap om og respekt for vilt, fisk og regelverk

Mål: NJFF sine lokallag skal ha gode tilbod om opplæring innan jakt, hund, fiske og anna friluftsliv

Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
Året rundt	Følgje opp lokallaga og stimulere til aktivitetar			Alle
Året rundt	Følgje opp lokallaga og stimulere til å utdanne ettersøksdommarar, ettersøksinstruktørar og halde godkjenningsprøver for ettersøkshund	Kontakt med lokallaga og tilby instruktør/dommarkurs		Ettersøksutvalet
22.-24.01	Grunnkurs jakthund		Skei	Rudi
5.-7.02	Instruktørkurs aversjon		Skei	Knut
06.02	Oppdatering aversjons		Skei	Knut
12.-14.02	Instruktørkurs jakthunddressur		Førde	Rudi
2.-3.04	Instruktørkurs hagle		Flora	Per G
09.04	Kurs i taksering		Skei	Knut
9.-10.04	Dressurkurs valp eller unghund, tilpassa nye instruktørar		Skei	Rudi
15.-17.04	Instruktørkurs og oppdatering flugekastarinstruktørar		Førde	Reidun og Cato
30.04-01.05	Dommarkurs hagle		Leikanger	Per G

2.3 NJFF skal ha attraktive medlemstilbod til jegerar, fiskarar og andre friluftsinteresserte

Mål: Tilbod om allsidige aktivitetar innan jakt, hundearbeid, fiske og anna friluftsliv

Når	Tiltak	Korleis	Kvar	Ansvarleg
Året rundt	«100 båtar og 1 nøkkel»	Følgje opp lokallaga		Reidun
Året rundt	Jaktskyting	FM og LM, Sogn og Fjordane Cup, Våpenloftetcup. setje opp terminliste, bestille premiar		Jaktskyttarutval
Mai-august	Jaktskytingens dag	Alle lokallaga kan melde seg på og arrangere gratis skyting med rifle og hagle	Heile fylket	Jaktskyttarutval
Året rundt	Medlemsfordelar på fylkesnivå	Sport 1, Lunde Turiststasjon		
	Tilby lokallaga fiskeaktiviteter, fiskekurs o.l.			Fiskevegleiarar
26-28.02	Vinterprøve ståande fuglehundar	Gaularfjellprøven	Gaularfjell	Fuglehundutval
3.-5.06	Jakthundsamling, alle typar jakthund		Byrkjelo?	Trude
26.-28.08	Jentesamling	På Fosseheimen	Viksdalen	Bente
	Få inn oversikt over medlemsfordelar og tilbod i lokallaga og marknadsføre dei			Reidun
	Stimulere lokallaga til samarbeid slik at ein får tilbod dei fleste plassar	Foreiningsløftet		Alle
	Prisdifferensiere aktivitetar medlem-ikkje medlem	På flest mogleg aktivitetar		Alle
	Gevirbedømming			Knut Øyvind

BUDSJETT 2016

	<i>Res-2015</i>	<i>Bud-2016</i>
<u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u>		
3100 Andel kontingent	-227 848,60	-210 000,00
3110 Deltakaravgift	-90 840,00	-255 250,00
3120 Salsinntekter effektar	-165,00	
3130 Kontingent	-57 436,00	-57 000,00
3400 Tilstkot NJFF	-5 000,00	
3401 Tilstkot FM og FK	-110 000,00	
3402 Utviklingsavtale Driftstønad	-150 000,00	-150 000,00
3403 Utviklingsavtale Rekruttering	-115 000,00	-103 000,00
3404 Utviklingsavtale Human jakt	-100 000,00	-90 000,00
3405 Utviklingsavtale Småviltforvaltning	-50 000,00	-40 000,00
3410 Andre tilskot	-149 565,00	-173 220,00
3411 Grasrotandel	-309,20	-400,00
3420 Momsrefusjon	-44 405,00	-44 000,00
3620 Leige: treningsstereng		-16 000,00
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-1 100 568,80	-1 138 870,00
<u>VAREKOSTNAD</u>		
4300 Innkjøp effektar	5 457,00	6 500,00
4390 Endring varelager	723,00	
<u>LØNNSKOSTNAD</u>		
5000 Honorar	55 123,93	418 500,00
5901 Gåver til tillitsvalde og LL	11 637,00	50 000,00
<u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u>		
6300 Leige lokale	52 184,00	77 000,00
6301 Leige av Gaularfjellet	22 000,00	
6310 Feilføring	2 000,00	
6500 Kjøp av utstyr, inventar	11 843,00	59 500,00
6510 Kjøp av premiar	49 119,50	66 750,00
6551 Datautstyr (hardware)	16 539,15	20 000,00
6552 Programvare (software)	1 879,00	5 000,00
6620 Reparasjon og vedlikehald utstyr	135,00	1 000,00
6700 Kjøp av aktivitetar	20 942,50	37 500,00
6710 Annonse		30 000,00
6800 Kontorrekvisita	18 800,00	20 000,00
6840 Aviser, tidsskrift, bøker	110,00	150,00
6850 Kursutgifter	-1 110,00	12 000,00
6860 mat, opphold	195 299,90	273 100,00
6870 Utadretta verksemد		5 000,00
6900 Telefon og Internett	42 797,23	35 000,00
6940 Porto	662,10	1 100,00
7100 Bilgodtgjersle	100 991,05	172 550,00
7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl.	45 701,90	40 000,00
7500 Forsikring	1 059,00	1 100,00
7770 Bank- og kortgebyr	1 655,00	2 000,00
KOSTNADER	655 549,26	1 333 750,00
<u>FINANSIELLE POSTER</u>		
8051 Renteinntekter	-8 233,00	-10 000,00
SUM FINANSIELLE POSTER	-8 233,00	-10 000,00
RESULTAT (Underskudd)	-453 252,54	184 880,00

VEDTEKTER

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

DEL I

§ 1. NAMN

Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

§ 2. FORMÅL

Fylkeslaget sitt hovedformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovedmåla er:

- å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvalting og friluftsliv.
- å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.
- å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

§ 3. LEIANDE ORGAN

Laget sine leiande organ er:

- a) Årsmøtet
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

§ 4. ØKONOMI

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingensten som landsmøtet fastset.
Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingensten.
Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

DEL II

§ 5. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksle likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med intil 200 medlemer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemer, -maksimalt 6 representantar. Medlemer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

1. Konstituering av møtet
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av saklista
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 representantar til å skriva under møteboka
2. Årsmelding frå siste kalenderår.
3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret har sett opp på saklista.
6. Styret sitt framlegg til årsplan.
7. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett.
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd på 3 medlemer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.
11. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.
12. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjeraast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftelege dersom nokon av representantane krev det.

Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.

Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.

§ 7. STYRE

Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.

Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområdet innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.

Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.

Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.

Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.

1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.
2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.

Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltre fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.

§ 8. STYRET SITT ARBEID

Styret skal:

1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtekten og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.
2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpe desse med råd og opplysningar.
3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.
4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.

7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemد i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.